

Eksamen

24. november 2016

DRA2002

Teater og bevegelse 2

Programområde: Musikk, dans, drama

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Avskrift, kopiering, klipp og lim av tekstar som ikkje vert brukt som utgangspunkt for å løyse oppgåva eller for å drøfte problemstillinga, viser svært låg kompetanse i faget.</p> <p>Det vert lagt stor vekt på kandidaten si evne til å reflekterte, kritisk vurdere og drøfte erfaringane sine med Teater og bevegelse.</p> <p>Det vert vurdert i kva grad kandidaten kan skildre og reflektere over følgjande emne:</p> <ul style="list-style-type: none">• Teaterfornyarar og deira metodar• Eige og andre sitt arbeidet• Forståing av faglege omgrep• Samanhengen mellom teori og praksis, praksis og teori
Andre opplysningar	Ingen

Du skal velje og svare på **to** av dei tre oppgåvene.

Oppgåve 1

Tradisjonar og retningar i Teater og bevegelse

I arbeid med teater vert det lagt stor vekt på den fysiske kommunikasjonen ut mot publikum. Vi har ein intensjon som vi ønskjer å formidle. Denne intensjonen har ein tanke, vilje og ein følelse. Vi bruker heile oss som eit verkemiddel, verbalt så vel som fysisk. Det verbale vil i dette tilfellet vere det som står sentralt og kjenneteiknar ei teaterframsyning, men når kropp og tekst påverkar kvarandre, vert uttrykket fullstendig.

Ta utgangspunkt i dette når du svarar på følgjande oppgåve:

Presenter minst tre teaterfornyarar som har hatt betydning for utviklinga av skodespelaren sitt fysiske uttrykk og gjer greie for metodane deira.

Oppgåve 2

Å skape form i det sceniske arbeidet

Rudolf von Laban er kjent for å ha utvikla eit språk som skildrar bevegelsar verbalt. Scenekunstnarar har hatt stort utbytte av Labans forskning på bevegelse som verbalt verktøy. Labans teoriar om bevegelse blir også brukt i det pedagogiske arbeidet med scenekunst og estetiske fag i dag. Teoriane hans gjekk ut på å beskrive dei ulike spenningane i kroppen og korleis dette kan gi bevegelsane eit karakteristisk preg. Han skil mellom fire komponentar når han observerer bevegelse:

- Tid
- Flyt
- Kraft
- Rom

Med utgangspunkt i dette skal du svare på følgjande oppgåver:

- a) Gjer greie for omgrepa komposisjon og koreografi når det gjeld teater og bevegelse.
- b) I ein koreografi er det bevegelse, og ein bevegelse treng dynamikk for å fange merksemda til publikum (med dynamikk meiner vi her korleis vi beveger oss). Ta utgangspunkt i eigne fysiske erfaringar med bevegelse i scenisk arbeid og reflekter over korleis du opplever og erfarer Labans fire komponentar tid, flyt, kraft og rom.

Her kan du bruke eigne erfaringar frå visings- og framsyningsarbeid.

Oppgåve 3

Visingsarbeid

Ei framsyning begynner som regel med ein idé. Det kan vere at ein har eit manus å jobbe utifrå, eit dikt, eit bilete, musikk eller berre eit tema som ein ønskjer å skape noko scenisk ut av. I denne oppgåva skal du skissere ein måte å jobbe ut eit visingsarbeid på, basert på ei inspirasjonskjelde og svare på følgjande spørsmål:

- a) Presenter inspirasjonskjelda, handlinga og rammene, og gjer greie for kva for metodar du tar i bruk i prosessen med å utvikle det fysiske uttrykket.
- b) Kvifor vart denne metoden valt? Gjer greie for kva som vart gjort, korleis det vart utført og kva for hensikt metoden hadde for det fysiske arbeidet.
- c) Korleis ville du ha vidareutvikla uttrykket og presisjonsnivået på visinga du presenterer i ovannemnde spørsmål? Forklar korleis og kvifor.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Avskrift, kopiering, klipp og lim av tekster som ikke brukes som utgangspunkt for løsning av oppgaven eller for å drøfte problemstillingen, viser svært lav kompetanse i faget.</p> <p>Det legges stor vekt på kandidatens evne til å reflektere, kritisk vurdere og drøfte sine erfaringer med Teater og bevegelse.</p> <p>Det vurderes i hvilken grad kandidaten kan beskrive og reflektere over følgende emner:</p> <ul style="list-style-type: none">• Teaterfornyere og deres metoder• Eget og andres arbeid.• Begrepsforståelse• Sammenhengen mellom teori og praksis, praksis og teori
Andre opplysninger	Ingen

Du skal velge og besvare **to** av de tre av oppgavene

Oppgave 1

Tradisjoner og retninger i Teater og bevegelse.

I arbeid med teater legges det stor vekt på den fysiske kommunikasjonen ut mot publikum. Vi har en intensjon som vi ønsker å formidle. Denne intensjonen innehar en tanke, vilje og en følelse. Vi bruker hele oss som et virkemiddel, verbalt så vel som fysisk. Det verbale vil i dette tilfelle være det som står sentralt og kjennetegner en teaterforestilling, men når kropp og tekst påvirker hverandre, blir uttrykket fullstendig.

Ta dette som utgangspunkt når du besvarer følgende oppgave:

Presenter minst tre teaterfornyere som har hatt betydning for utviklingen av skuespillerens fysiske uttrykk og gjør rede for deres metoder.

Oppgave 2

Å skape form i det sceniske arbeid.

Rudolf von Laban er kjent for å ha utviklet et språk som beskriver bevegelser verbalt. Labans forskning på bevegelse som verbalt verktøy har scenekunstnere hatt stor utbytte av. Labans teorier om bevegelse blir også brukt i det pedagogiske arbeid med scenekunst og estetiske fag i dag. Hans teorier gikk ut på å beskrive kroppens ulike spenninger og hvordan dette kan gi bevegelsene et karakteristisk preg. Han skiller mellom fire komponenter når han observerer bevegelse:

- Tid
- Flyt
- Kraft
- Rom

Med dette som utgangspunkt skal du besvare følgende oppgaver:

- a) Gjør rede for begrepene komposisjon og koreografi når det gjelder teater og bevegelse.
- b) I en koreografi er det bevegelse, og en bevegelse trenger dynamikk for å fange publikums oppmerksomhet (med dynamikk menes her hvordan vi beveger oss). Ta utgangspunkt i egne fysiske bevegelseserfaringer i scenisk arbeid og reflekter over hvordan du opplever og erfarer Labans fire komponenter tid, flyt, kraft og rom.



Her kan du bruke egne erfaringer fra visnings- og forestillingsarbeid.

Oppgave 3

Visningsarbeid

En forestilling begynner som regel med en idé. Det kan være man har et manus å jobbe utfra, et dikt, et bilde, musikk eller bare et tema man ønsker å skape noe scenisk ut av. I denne oppgaven skal du skissere en måte å jobbe ut et visningsarbeid på, basert på en inspirasjonskilde og besvare følgende:

- a) Presenter inspirasjonskilden, handlingen og rammene og gjør rede for hvilke metoder du tar i bruk i prosessen med å utvikle det fysiske uttrykket.
- b) Hvorfor ble denne metoden valgt? Gjør rede for hva som ble gjort, hvordan det ble utført og hvilken hensikt metoden hadde for det fysiske arbeidet.
- c) Hvordan ville du ha videreutviklet uttrykket og presisjonsnivået på denne visningen du presenterer i ovennevnte spørsmål? Forklar hvordan og hvorfor.



www.vigoiks.no/eksamen